



Saksframlegg

Finansforvaltning 2017

Saksnr.	Utval	Møtedato
2018/46	Formannskapet	29.05.2018
	Kommunestyret	

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
	Rapport Sparebank 1 SMN - 31.12.17	

Samandrag:


I samsvar med Sandøy kommune sitt finansreglement skal det leggjast fram ein rapport som viser status for kommunen si finansforvaltning per 1.tertial og 2.tertial. I tillegg skal det ved utgangen av året leggjast fram ein rapport som syner utviklinga gjennom året og status ved årets slutt. Dette er også regulert gjennom Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning.

Saka omhandlar rapportering for rekneskapsåret 2017.

Saksopplysningar:

Kortsiktig aktiva – midlar til løpande drift

Den kortsiktige likviditeten er plassert i bankinnskot og var per 1.tertial 20 mill. kroner, per 2.tertial 34 mill. kroner og 34,8 mill. kroner per 31.12.17. 89% av desse er plassert i hovudbanken Sparebank 1 SMN og 11% er plassert i Sparebanken Møre.



Langsiktig aktiva – langsiktige plasseringar

Ut i frå storleik forvaltar Sandøy kommune ein betydeleg andel aktiva. Desse midlane skal forvaltast etter ein langsiktig horisont der krav om sikkerheit, risikospreiing, likviditet og avkastning skal takast omsyn til.


Plasseringsalternativ	Minimum	Maksimum	31.12.2017	31.08.2017	30.04.2017	31.12.2016
Bankinnskudd	0 %	100 %	10,67 %	10,63 %	7,70 %	2,80 %
Rentebærende verdipapir	0 %	100 %	85,35 %	85,63 %	85,51 %	85,80 %
Aksjer	0 %	15 %	3,98 %	3,74 %	6,79 %	11,40 %

Tabellen viser avgrensingar satt i finansreglementet på storleiken innanfor dei ulike plasseringsalternativa. Kommunen driftar innan finansreglementet sine rammer.

Fordeling langsiktig aktiva

Plasseringar	31.12.2017		31.08.2017		30.04.2017		31.12.2016	
	1.000 NOK	%	1.000 NOK	%	1.000 NOK	%	1.000 NOK	%
Forte fondsforvaltning	17 252	17,0 %	17 104	16,9 %	16 853	16,8 %	16 349	16,8 %
Sparebanken Møre	26 472	26,0 %	26 343	26,0 %	25 943	25,8 %	25 083	25,8 %
Pareto renter	43 088	42,4 %	43 270	42,7 %	43 114	42,9 %	42 138	43,3 %
Pareto aksjer	4 049	4,0 %	3 789	3,7 %	6 822	6,8 %	11 102	11,4 %
Sparebank 1 kapitalforvaltning	10 849	10,7 %	10 768	10,6 %	7 740	7,7 %	2 729	2,8 %
Sum langsiktig forvaltning	101 710	100 %	101 274	100 %	100 472	100 %	97 401	100 %

Plasseringar	Behaldning	Avkastning	Benchmark	Påslag	Meir/mindre avkastning
Forte fondsforvaltning	17 252	5,52 %			5,52 %
Sparebanken Møre	26 472	5,54 %			5,54 %
Pareto renter	43 088	2,25 %			2,25 %
Pareto aksjer	4 049	8,54 %			8,54 %
Sparebank 1 kapitalforvaltning	10 849	4,42 %			4,42 %
Sum langsiktig forvaltning	101 710	4,43 %	1,6 %	3,0 %	-0,2 %



Avkastninga på langsiktige plasseringar samanstillt med referanserenta (benchmark) indikerer om kommunen sine plasseringar har gjort det betre eller dårlegare enn finansreglementet sin benchmark. Den totale avkastninga vart 4,43% i 2017. Dette er ein auke på 0,34% frå utgangen av 2016, men er likevel 0,2% lågare enn reglementet si samansette benchmark for portefølja. I kroner utgjer avkastninga 4,1 mill. kroner i 2017 som er ein auke på 0,9 mill. kroner frå 2016, men 0,3 mill. kroner lågare enn forventa og budsjettert.

Gjeldsporteføljen

Brutto lånegjeld var 220 mill. kroner per 31.12.17, det vil seie ein auke med 50 mill. kroner frå utgangen av 2016. Av desse er det 168 mill. kroner som belastar kommunekassa.

Lånegjelda fordeler seg på dei ulike lånetypene slik:

	Status 31.12.2017			Status 31.08.2017			Status 30.04.2017			Status 31.12.2016		
	1.000 NOK	%	Bind-ing år	1.000 NOK	%	Bind-ing år	1.000 NOK	%	Bind-ing år	1.000 NOK	%	Bind-ing år
Lån med pt rente	68 275	31		69 672	36		70 499	20		71 672	42	
Lån med Nibor basert rente	40 811	19		13 043	7		13 043	30		13 358	8	
Lån med Fast rente	111 244	50		112 459	58		84 893	50		85 691	50	
Samla langsiktige gjeld	220 330	10 0	0,9	195 174	10 0	1	168 435	10 0	1	170 721	10 0	1,1
Antall løpande enkeltlån	13				12			14			15	
Største enkeltlån	42 268				43 241			43 785			43 785	

Den langsiktige gjelda blir lånt til pt. (per tiden) vilkår, NIBOR-basert rente samt fastrente. Fastrente ivaretek kravet i finansreglementet om å vere føreseieleg og ha stabilitet i lånekostnader. Sjå vedlegg for meir informasjon om gjeldsportefølja.

Handlingsrommet for rentebinding på låneporteføljen er mellom 0 og 5 år i følge

finansreglementet. I en normalsituasjon skal gjenverande rentebinding (durasjon) vere 1-2 år. Ved utgangen av 2017 er denne 0,9.

Gjennomsnittleg lånerente er 1,7%

Økonomiske konsekvensar:

Ingen som følge av denne sak.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen gjer framlegg om at kommunestyret tek sak om finansforvaltning 2017 til orientering.

Framlegg til vedtak:

Sandøy kommunestyre tek saka «finansforvaltning 2017» til orientering.

29.05.2018 Formannskapet

Behandling:

F-2018/46 Vedtak:

Formannskapet tilrår samrøystes:

Sandøy kommunestyre tek saka «finansforvaltning" 2017» til orientering.

Anny Sønnerland
rådmann

Therese Flaten
økonomikonsulent